

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8288 - 20/36501

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
29.09.2020

Oversender søknad om dispensasjon til utførelse - gbnr 188/112 og 188/113 Gjervik ytre

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 188/113
Tiltakshavar: Statens vegvesen
Ansvarleg sækjar: Norconsult AS

Saka gjeld søknad om innglassing av terrasse og etablering av hagestove på gbnr 188/112 og 188/113. Tiltaket er ledd i arbeidet med støyskjerming av eigedomar langs EV39 gjennom Knarvik Sentrum. Statens vegvesen er tiltakshavar.

Situasjonsplan og illustrasjon



Planstatus

Eigedomen ligg i hovudsak innanfor reguleringsplan for felt D Stallane, planid 1263 -18061965. Området er i planen avsett til byggeområde for bustadar. Del av eigedomen ligg innan for reguleringsplanen for E39 Oval rundkjøring Knarvik sentrum, planid 1263 – 201704, der området er avsett til SAA6 #3 som er mellombels bygge- og anleggsområde. I desse områda

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00


post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

kan nødvendige inngrep, anleggsarbeid og trafikkomlegging gjennomførast i samband med bygging av veganlegget. Etter at arbeidet er ferdig går arealet attende til regulert føremål i eksisterande reguleringsplan for felt D.

Det går fram av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen at reguleringsplanen for felt D Stallane gjeld med supplering/ending av kommunedelplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikkje har eigne føresegner om temaet, jf. føresegn 4.5

Plankart



VURDERING

Omsøkte støyskjermingstiltak er knytt til vilkår for innsending av søknad og bruk av veganlegget som er omfatta av reguleringsplanen for oval rundkjøring. Hagestova er plassert i strid med regulert byggegrense langs EV39 slik ho går fram av reguleringsplanen for felt D Stallane og området som er avsett til mellombels bygge- og anleggsområde i reguleringsplanen for EV 39 Oval rundkjøring. Det er søkt om dispensasjon.

Søknaden vert send Statens vegvesen for uttale før kommunen fattar vedtak.

Frist

Vi ber om at saka vert prioritert.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon gbnr 188/112 og 188/113 Gjervik ytre
Søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn - gbnr 188/112 og 188/113 Gjervik Ytre
Opplysninger om tiltakets ytre rammer
Situasjonskart

Vedlegg:

Foto/teikningar

Vedkomande nabovarsel - GBNR 188/113 Gjervik Ytre

Kopi til:

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA

Mottakarar:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605

LILLEHAMMER